

# MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Sæbø barnehage - Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 16/908

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

12.01.2016

## SÆBØ BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2016

Den 12.1.16 vart det utført tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Sæbø barnehage. Internkontrollsystemet, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrrar Tony Vetaas møtte for verksemda.

### ➤ Tilsyn

Det er for tida 49 barn i Sæbø barnehage, fordelt på 3 avdelingar.

Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> for barn under 3 år.

Barnehagen har i dag 18 barn under 3 år og 31 barn over 3 år. Med denne alderssamansetning treng barnehagen eit leike- og opphaldsarealet på ca. 220 m<sup>2</sup>

Sæbø barnehage har eit netto leike- og opphaldsarealet på 376,5m<sup>2</sup>.

- **Avvik som vart påpeikt ved tilsynet**

#### §§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

1. Barnehagen manglar vedlikehaldsplan. Barnehagen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

#### § 14; Tryggleik og helse

2. Slengdisser på uteområdet har farlege opningar. Desse må sikrast, for å unngå kvelningsfare.

- **Merknad**

#### § 9; Utforming og innreiing

- Avdeling Fanten har barn i aldersgruppa 0 – 2 år. Her er harde golv (golvbelegg rett på betong). Små barn fell lett og slår seg i betonggolvet. Mykare golvbelegg anbefalast på denne avdelinga.
- Golvet har ulik temperatur, noko som gjer at det enkelte stader er veldig kaldt der barne oppheld seg. Betre varmestyring, evt. nytt golvbelegg (varmere) må vurderast.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

- Omner på småbarnsavdeling (Fanten) har opningar som barna kan sette fingrane fast i. Nye omnar bør vurderast.
- Avdeling Fanten har berre ei garderobe (ikkje åtskilt fin- og grovgarderobe). Dette vart kommentert i 2009 og 2012. Barnehagen bør tilstreve 2 garderober (fin og grov). Dette for å oppnå tilfredsstillande oppbevaring og tørking av ytterklede og for unngå spreieing av skitt og smuss.

#### § 14; Tryggleik og helse

- Ved levering og henting er det ikkje tilfredsstillande trafikktryggleik. Det er få parkeringsplassar og dårlege forhold for parkering ved barnehagen. Farlege situasjonar oppstår. Betre parkeringsmoglegheiter bør vurderast for å oppnå trafiksikker levering og henting.

#### § 19; Inneklima/luftkvalitet

- Det er ustabil temperatur på avdelingar. Det er mange ulike varmekjelder; panelomnar, golvvarme og varmemlist i taket. Løysing for å oppnå stabil temperatur må søkast.
- Barnehagen har ikkje montert solavskjerming der det er behov for dette. Dette har vore påpeikt bl.a. ved sist tilsyn i 2012. Utvendig avskjerming gjev best verknad. Avskjerming med lyse farger gjev best effekt. Følgjande reduksjon i varmetilførsel kan oppnåast:
  1. Utvendige persiener, rullegardiner, markiser ..... 75 - 90 %
  2. Innvendige lyse gardiner og persiener .....40 - 50 %
  3. Lys- og varmereflekterande vindauge ..... 20 - 80 %

#### § 23; Sanitære forhold

- Avdeling Fanten har ei stellebenk som begynner å bli slitt. Ved utskifting bør det vurderast hev- og senkebord for å lette belastningen til tilsette.

#### ➤ Vedtak

- Avvik nr. 1 må rettast innan 01.03.16.
- Avvik nr. 2 må rettast snarast og innan 15.1.16.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når avvik er retta opp.

Med helsing

Grethe Fosse  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

**Kopi til:**

Einar Færø

Helge Vallestad

Jarle Landås

Tony Vetaas